



Andreas Vaktskjold

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/598 - 15/12802

Saksbehandlar:
Katarina Birkeland
katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:
28.10.2015

Referat frå ungdomsrådmøte 28..oktober 2015

Møtestad: Kommunestyresalen

Tid: kl. 15.00-17.00

Deltok på møte	Deltok på møte
Solveig Åsheim Fineid frå 8 A	Steffen Vestheim Sævdal frå 10 C
Ingrid Fjeld Alver frå 8 B	Jakub Matuszewski frå 1.VGS
Julie Onstad Kvamme frå 8 C	Maximilian Thiele frå 1.VGS
Trygve Mjøs frå 9 A	Susanne Sævdal Bere frå 1.VGS
André Fresvik Klausen frå 9 B	Fredrik Gabrielli frå 2.VGS
Åshild Aagaard-Nilsen frå 9C	Ida Amalie Sæbø Thomassen frå 2.VGS
Andreas Vaktskjold frå 10 A	Ingvild Brattetaule frå 3.VGS
Jonatan Tjore Espeland frå 10 B	

Møteleiar	Leiar Ingvild Brattetaule
Møtte frå administrasjonen	Ungdomscoordinator og kontaktperson Katarina Birkeland, ordførar Jon Askeland
Ordstyrer	Åshild Aagaard-Nilsen

Sakliste

31/15: Godkjenning av referat og innkalling

Godkjenning og referat godkjent.

32/15: Besøk av Håvard Matland frå Manger folkehøgskule om ungdomskonserter

Håvard Matland kunne ikkje delta. Saken vert tatt opp igjen på møte onsdag 9. desember.

33/15: Temadag 16. oktober

Fredag 16. oktober arrangerte ungdomsrådet i samband med ungdomskoordinator, politiet og ungdomsskulen temadag for elevane.

Representantane var positive til dagen. Foredragshaldaren om rus kunne ikkje delta. Ungdomsåret ynskjer å få til eit foredrag om rus til våren.

34/15 Logo til ungdomsrådet

Representantane må arbeide med å få inn ein logo til ungdomsrådet. Representantane ynskjer at forslag til logo skal publiseras på facebookgruppa til ungdomsrådet, der representantane stemmer over logoen. Frist er satt til 15. november.

Jakub Matuszewski laget og publiserte ein logo på gruppa nokon dagar etter møte.

Representantane stemte og fleirtall ynskja å bruke logoen.

35/15: Utdeling av priser for ungdom 2015

Kenneth Murberg kunne ikkje delta på møte, så saken vert tatt opp igjen på møte 9. desember.

36/15 Hyttetur

Representantane vedtok av ungdomsrådet skal på hyttetur helga 8-10 januar 2016.

Her skal representantane verte betre kjent, og ha ulike seminarer som søknad skrivning, skrive uttalelser, debatt-trening og lære om kommentar og innlegg.

Ungdomskoordinator og leiar i ungdomens fylkesutval Agnes Hoshovde Berns styrer seminarane.

Fredrik Gabrielli Tar kontakt med Kvalheim fritid om å leige to hytter.

37/15 Ymse

Regionmøte i Knarvik 21. oktober

Julie Onstad Kvamme, Åshild Aagaard-Nilsen, Steffen Vestheim Sævdal, Ingvild Brattetaule og Ida Thomassen deltok på regionsamling i knarvik saman med ungdomskoordinator Katarina Birkeland.

Representantane informerte om møte. Representantane var skuffa over møte og kor lite produktivt det var. Dei fekk ikkje presentere seg, helse på andre ungdomsrådet eller samarbeide på tvers av kommunar. Representantane fekk høyre om historia til regionen og føler at stemmen til dei unge vart ikkje høyrte på møte noko som var målet med samlinga.

Helsestasjon for ungdom

Ungdomsrådet fekk besøk frå helsesøster Bente Håtuft for å snakke om viktigheita med ein helsestasjon for unge. Helsestasjonen som ungdomsrådet trudde kom etter haustferien, har fått ein endring. Det er kalla inn til fleire møter og ungdomsrådet har ikkje vert aktiv med i prosessen.

Ungdomsrådet ynskjer ikkje at det skal gå ut over helsestasjonen i Knarvik som er eit viktig tilbod, men meiner det burde være eit tilbod for ungdommar på Radøy. Ungdomsskuleelevar eller vidaregåande på andre skuler enn Knarvik har ikkje same muligheit til å komme seg til Knarvik.

Begunnelser:

- Ikkje alle har råd til bussbillett
- Dålig busstilbod
- Ungdomsskuleelevar må lyge til foreldre/føresette for å seie inn
- Lågt tall med 34 innom helsestasjonen i Knarvik i 2014

Bente Håtuft tok opp:

- Mange fleire ungdommar har behov for ein helsestasjon enn det me trur
- Radøy kommune betaler for ein 15 % stilling i Knarvik
- Korleis få p-pillen
- Helsestasjonen har bare halv bemanning

Ungdomsrådet er skuffet over prosessen og føler seg lite høyrte. Representantene vil følge saken vidare og ta det opp på talerstolen i kommunestyret ved behov. Ungdomsrådet etterlyser kor dei 100 000 kr som kommunen var fått i støtte til skal brukas.

Besøk av ordfører

Ordfører deltok på deler av ungdomsrådmøte og presenterte seg til det nye ungdomsrådet.

Deltaking på kommunestyre:

Fredrik Gabrielli, Åshild Aagard-Nilsen, Susanne Sævdal Bere og Maximilian Thiele deltok på kommunestyremøte.

Det vart valt representantar til formannskapet og konstituering av ordfører og varaordførar.

Det vart også tatt opp saken om asylmottak på Hordabøheimen. Ungdomsrådet diskuterte saken og stiller seg positiv til at eit asylmottak med ungdommer mellom 15-18 år kjem til Radøy.

Fordel:

- Representantene meiner ungdommen må inkludere dei og hjelpe til med å få dei integrert i lokalmiljøet.
- Det er ein bra plass å ta i mot ungdommar spesielt med prisen frå 2014 i ryggen
- Ungdomsrådet kan være med å ligge til rette for at dei vert inkludert og invitert på fritidstilbod

Ungdomsrådet er usikker på korleis dette vil gå utover økonomien til kommunen, og stiller spørsmål:

- Har me råd til dette?
- Er kommunen klar for dette?
- usikker på beliggenheten, siden det er nærmt barneskule og barnehage

Ungdomsrådet diskuterte at det trengs mange ansatte til og følgje opp ungdommen som treng det, spesielt med bakgrunn for kva dei har opplevd.

Det må være eit fokus på å være forsiktig med å dømmе og være fordomsfull uten at me kjenner dei. Representantene meiner sannsynligheten for at noko ulovlig eller hærverk skjer er liten. Då må me heller ha fokus på sysselsetting, tilrettelegging og forarbeid.

Trampoline:

Solveig Åsheim Fineid frå 8 A har fått inn forslag frå klassen om ute trampoline. Saken var oppe i ungdomsrådet i 2014 som stemte nei på grunn av risiko for skading.

Ungdomsrådet stemte over om dei skulle ta saken opp igjen. 9 stemte nei, 5 nøytrale og 2 stemte ja.

Dobbeltimer på skulen:

André Klausen frå 9 B fortell at ungdomsskuleelevene er negative til den nye ordninga om dobbeltimer på skulen. Ungdomsrådet meiner dette først er ein sak for elevrådet. Nestleiar Steffen Vestheim Sævdal fortell at elevrådet arbeider med saken og følgjer saken vidare der.

Steling på ungdomsskulen:

Åshild Aagaard-Nilsen tar opp at det er eit problem med mykje steling på ungdomsskulen. Andreas Vakt skjold og Steffen Vestheim Sævdal tar saken vidare med rektor og elevrådet.

Facebookansvarlige:

Leiar Ingvild Brattetaule tar opp at facebookansvarlege må verte flinkare å bruke facebookside til ungdomsrådet. Ungdomsrådet skal publisere:

- om personer har saker til ungdomsrådet ca 1-2 veke før møte
- Dagen før møte og etter møtet med bildar.
- Det skal også publiseras stoff på ulike arrangement ungdomsrådet arrangerer eller representantar deltar på.
- Facebookansvarlege kan delegere til andre representantar.
- Ansvarlege er André Klausen, Åshild Aagaard-Nilsen og Steffen Vestheim Sævdal.

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Andreas Vakt skjold			
André Fresvik Klausen			
Fredrik Gabrielli	Øvre Soltveit 11	5939	SLETTA
Ida Amalie Sæbø Thomassen	Vardane 15C	5911	ALVERSUND
Ingrid Fjell Alver			
Ingvild Brattetaule	Bøtjørnvegen 60	5937	BØVÅGEN
Jakub Matuszewski		5938	SÆBØVÅGEN
Jonatan Tjore Espeland			
Julie Onstad Kvamme			
Maximilian Thiele	Vetåsvegen 85	5938	SÆBØVÅGEN
Solveig Åsheim Fineid			
Steffen Vestheim Sævdal			
Susanne Sævdal Bere	Sævdalsvegen 14	5936	MANGER
Åshild Aagaard-Nilsen			
Trygve Mjøs			